





**Jubileumsnemnda for BLS 100 år inviterer til Vårens vakraste eventyr -
Vandring frå lagshytte til lagshytte i Lillomarka – Fem (seks) på ein dag-
søndag 14. mai 2023**



Kart som viser vegen til 5 av lagshyttene i Lillomarka



Tog: Frå Oslo S (R 31 Jaren) kl.
09.44 og 11.44 (tar 23 min)
Retur: Movatn kl. 14.26 og 16.26

Buss 56 frå Storo til Solemskogen
05 og 35. Retur frå Solemskogen
00 og 30 (tar ca. 15 min)

Turen kan gjennomførast
individuelt. Tur med kjentmann går
frå Movatn kl. 10.15 og frå
Solemskogen kl. 10.00

Hugs å ta på godt fottøy. Det kan
vera snøflekkear og blaute stader

Hyttelaga byr på lett servering.

Ta likevel med godt med mat og
drikke, det blir ein lang tur.



Til/frå Solemskogen

Tur sørover (dei 5 hyttene sør for Movatn)

Utgangspunktet for turen sørover er Movatn eller Snippen, eventuelt Sandermosen der ein kan parkera på stasjonsområdet eller i Greveveien.

Frå Movatn kan ein enten gå blåmerka sti mot Sinober, eller først ta skogbilvegen nord-austover til Burås (skilt Sinober) og gå inn på blåmerka sti i svingen rett nedanfor Burås.

Rett før husa på Sinober (150 m. vest for Sinober) går ein vestover og inn på blåmerka sti mot Snippen/Sandermosen. Der står også eit skilt med Hallingbu på. Rett før dette skiltet går det inn ein sti som fører til **Pustut**, Sunnfjordhytta. Frå Pustut skimtar ein **Hallingbu** oppe på høgda i vest. Det er også eit skilt til Hallingbu ca. 400 meter lengre framme, inn til høgde.

Hvis du startar frå Snippen tek du skogbilvegen opp dalen (sørover) deretter nordover til endes og inn på blåmerka stig mot Sinober. Eventuelt kan du gå opp blåmerka sti til venstre der vegen frå Snippen møter vegen frå Sandermosen. Omlag 400 m. før Sinober er det skilt merka Hallingbu (sjå ovenfor). Frå Sandermosen går ein først inn på blåmerka sti til ein kjem opp på skogbilveg. Følg skogsbilvegen nordover til han møter skogsbilvegen frå Snippen i Styggedalen. Deretter som ovanfor.



Pustut




Hallingbu

Frå Pustut og Hallingbu går du tilbake ned på den blå stien mellom Sinober og Snippen og går austover i retning Sinober. Ved stiskillet der skiltet Hallingbu står, tek du sørover mot Solemskogen. Etter ca. 1 km finn du ein gulmerka sti som kryssar den blåmerka stien. Ta inn til venstre, dvs. mot aust og følg denne stien til du kjem fram til **Buvollen**, Valdreslaget si hytte ved Kringlertjern.



Buvollen

Frå Hallingbu /Pustut vidare sørover til Buvollen




Når serveringa er slutt på Buvollen, følgjer du same stien(gulmerka) vestover til du møter igjen den blåmerka stien som går sørover frå Sinober til Solemskogen. Etter å ha passert nokre hytter kjem du til **Hordahytta** på høgre hand. Du ser hytta frå stien, og det står skilt ved stien.



Hordahytta

Frå Buvollen sørover til Hordahytta



Siste etappe er frå Hordahytta til Sørlandshytta. Du går då vidare på den blåmerka stien sørover, merka Solemskogen. Ved første stidele tek du til venstre, austover, skilt merka Lillosæter/Sørskogen. Like etter er det eit nytt stidele, følg her stien opp mot venstre (nordover) merka Sørskogen, ikkje sør/austover mot Lillosæter. Etter 40-50 m. er det skilt merka Sørlandshytta oppover til venstre. Følg denne stien, forbi ei hytte og vidare nordover til du kjem til **Sørlandshytta**.



Sørlandshytta

Frå Hordahytta til Sørlandshytta



Det er på tide å tenkja på heimvegen. Gå tilbake frå Sørlandshytta same vegen som du kom, dvs. tilbake til den blåmerka stien. Gå sørvestover merka Solemskogen (ikkje i retning Sørskogen eller Lillosæter). Etter nokre meter er det nytt stidele, ein veg går sørover mot Solemskogen og andre retningen nordover tek deg tilbake forbi Hordahytta og vidare opp mot Sinober og deretter Movatn der du starta. Hvis du ikkje er for trøyytt så rekk du nordover til Bondehytta før neste tog til Oslo S. Sjå vegbeskrivelse bakerst i dokumentet.


Tur nordover, dei fem (seks) hyttene nord for Solemskogen

Utgangspunktet for turen nordover er P-plassen ved Solemskogen som også er endeholdeplass for bussrute 56 frå Nydalen/Storo. Du kan enten ta av frå skogsvegen og inn til venstre på blåmerka sti ca. 150 m. etter bommen og følgje stien til han endar opp i skogsveien/skiløypa att. Eller du kan følgje skogsvegen/skiløypa rundt Sætertjerne i retning Lilloseter. Etter ca. 2 km. er det ein krapp høgresving i ein nedoverbakke (ligg ved Evensætermyra). Her tar du av til venstre og følgjer skiløypa mot Sørskogen og Sinober. Det er skilta til Sørlandshytta her. Du følgjer skiløypa ca 4-500 meter oppover. Her kryssar ein blåmerka sti vegen/skiløypa. Ta inn til venstre på denne stien og følg den oppover og forbi Griseputten som ligg aust for stien. Litt lenger framme deler stien seg i to, ein nordover mot Hordahytta (merka Sinober) og ein i austleg retning merka Lillosæter/Sørskogen. Du skal ikkje gå den stien som er merka Lillosæter, men mot Sørskogen. Etter 40-50 m. er det skilt merka Sørlandshytta oppover til venstre. Følg denne stien, forbi ei hytte og vidare nordover til du kjem til **Sørlandshytta**.

Det er ca. 5 km å gå fra parkeringsplassen på Solemskogen og fram til Sørlandshytta.

Turen vidare nordover, altså frå Sørlandshytta, via Hordahytta, Valdreshytta (Buvollen), Sunnfjordhytta (Pustut) og Hallingbu tek du som forklart tidlegare, berre i omvendt rekkefølge. God tur!

Kart som viser vegen frå Solemskogen til Sørlandshytta



For dei ekstra spreke:

Frå Movatn til Bondehytta (BUL)

Dei ekstra spreke kan også dra innom Bondehytta som ligg ved Ørfiske omlag 4 km. nord for Movatn. Kanskje du kan ta turen opp dit mens du ventar på neste tog til Oslo S.

Følg skogsbilveg frå stasjonen som tar inn til venstre i den nordlege enden av stasjonen og følg deretter skilt mot Ørfiske i alle vegskilje.

Eit par hundre meter etter bommen ved garden Lørenskog tek du av veg til venstre skilta m.a. til Tømte. Der skal du halde litt til høgre. I neste kryss (etter ca 100m) kjem Greveveien opp frå høgre, der følger du Greveveien oppover. Neste kryss i ei dump skal du ikkje vegen ned til høgre til Laskerud. Då er det nokre hundre meter til vegskiljet ved Ørfiske, (ca. 1,5 km etter bommen).

Når du kjem fram til Ørfiske, tek du av til høgre forbi neste bom og går nedanfor (eller over) demninga og følgjer vegen vidare nordetter langs austre sida av vatnet. Etter kvart tek vegen til å stige og svingar austover bort frå vatnet. Midt i bakken kjem du til ein garasje på høgre side av vegen, ca. 20-30 m lengre opp tek stien til hytta av til venstre. Der er det sett opp eit raudt skilt med kvit skrift som det står "Bondehytta" på. Følg stien ned på ei myr og opp på andre sida, så er du framme (ca. 2-300 m).

God tur !!



Gratulerar ! Du har klart Fem (seks) på ein dag!

Hugs og registrera besøkja på hyttene ved denne lenka: <https://forms.office.com/r/G3uhgkSG2m> -fine premiar til dei heldige.